




Kystsogvekeene:

Historia, notida og framtida

- Det for lita forståing rundt det hav, sjø og maritim næring har hatt, har og kjem til å ha å seie i framtida, seier Kjell Magnus Økland, dagleg for leiar Stiftinga Kystsogvekeene som arrangement i sommar.

VIBEKE BLICH VBLICH@GMAIL.COM

- MARINE næringer skaffar ein stor prosent av inntektene. Kanskje dette vert meir forståeleg når folk får vite at staten Norge disponerer 5,2 gangar meir sjøareal enn landareal, seier han.

ØKLAND MEINER synleggjeringa av kystkulturen står sentralt i norsk kultur, men det vert ikkje kommunisert godt nok. Stiftinga Kystsogvekeene arbeidar for å styrkja identiteten i kystdistrikta og å skapa kultur- og reiselivssopplevingar knytt til kysten. Auka trivsel, vekst og nye arbeidsplassar er andre viktige målsetjingar. Målet med arrangementa er å fremja kystkultur og området sitt særtrekk. Kystsogvekeene speglar kystkultur frå alle tider, både gammal og ny. Folk får oppleva kystkultur og yrande folkeliv i mange former og uttrykksmåtar.

KYSTSOGEDAGANE PÅ Holmeknappen i Meland har vore fast innslag under Kystsogvekeene sidan arrangementet vart starta.

- Eg trur Holmeknappen, saman med Fønnesvågen, må vere dei lengstlevande arrangementa i Kystsogvekeene, som starta opp i 1997. Sidan den gong har det tradisjonsrike arrangementet utvikla seg og vore enda større, seier Økland.

IFØLGE DEN daglege leiaren er Kystsogvekeene på veg oppover og skal vekse ytterlegare. Arrangementa under Kystsogvekeene er populære, men han meiner talet på arrangement uavhengig av størrelse, eigentleg ikkje seier så mykje om populariteten, då dei trekk ulike mengder med folk. Normalen frå tidlegare år har vore om lag 200 arrangement som har samla rundt 50.000 deltakarar, og fleire kan det bli dersom Kystsogvekeene veks i omfang.

- Etter regionreform 2020 når Nordland og Sogn og Fjordane blir region Vestland, er det naturleg å utvide området og undersøke om kommunar i Sogn og Fjordane er interessert i å bli med. Vi ser ikkje vekk frå at vi veks i alle fall mot nord. Og det kan komme med kommunar i andre himmelretningar og, seier han.

ØKLAND FORTEL at dei i Kystsogvekeene for tida har fokus på å få i gong aktivitetsbaserte arrangement. I år er det fleire stader ting som skjer ute og involverer aktivitet der ein blir aktive deltakarar og ikkje berre ein passiv tilskodar.

- Kystsogvekeene skal løfte fram lokal kultur. Fellesnemnaren er kystkultur i det arbeidet som vi står for. Det er mykje kjekk kultur på gang, eg

vil oppmode folk til å ta del i arrangementa. Nokre arrangørar er profesjonelle aktørar, men bak størstedelen av arrangementa ligg det bra mykje frivillig innsats. I tillegg gjer dei kommunale kontaktane på kulturkontora ein god jobb, seier Økland.

- Mange arrangement er innarbeidda og tradisjonsrike og då ønskjer ein gjerne ikkje å endre på oppskrifta. Eg blir glad når eg ser programinnhald som for eksempel Fedje Small Ships Race - eit kult arrangement for barn der dei lager sin eigen vesle seglbåt. Ungane får då eit trestykke og må pussa båten, bore hol til mast og lage og dekorere seil. Dette er ein lang og kreativ prosess som ungane tar del i. I fjor var det 90 deltakande båtar og arrangørane håper på 100 båtar i år. Der har primus motor Bjørn Ådne Kvalvik lykkast i å lage i happening, meiner Økland.

HAN TYKKJER og det er gledeleg å sjå at den tidlegare Havsportveka i Austrheim no er tilbake i ei anna utgåve under namnet Havglede. Der er det utprøving av ulike vannsportaktivitetar. Arrangementet på Mastrevik kai, som er i regi av Austrheim Ungdomsklubb og Austrheim kommune, er spesielt retta mot ungdommen. Fisketur, kano/kajakk, katapult er berre noko av det som står på står på programmet til denne integrerte delen av Fønnesdagen.

IMASFJORDEN den 2. september byr Nordhordland Turlag på det klassiske lågterskeltilbodet Kom deg ut dagen. Økland tykkjer det er flott at turlaget



VIKTIGE STADER: - Det er artig at ein kan aktualisere stader som kanskje var viktig ein gong i tida, plassar som få folk kjenner til, seier Kjell Magnus Økland, dagleg leiar for Stiftinga Kystsogvekeene som arrangement i sommar. Bildet av borna er frå opninga av Kystsogvekeene på Litlebergen i Meland i 2016.

FOTO: ROY A. NILSEN/PRIVAT/MORTEN SÆLE

gjer folk moglegheita til å henge seg på slike arrangement. Han trekk fram Lindås og Radøy som dei to kommunane som pleier å ha mest arrangement. Dei er flinke til å engasjere ulike deler av det frivillige kulturlivet til å lage arrangement, men et eksempel på et innearrangement er Ramsalt korkafé på Knarvik ungdomsskule.

- Songlaget Alvidt/Manger inviterer til Ramsalt korkafé. Dei har salt kystmat, song, foredrag, utstilling og kafé på programmet. Korsongar og allsongar om livet ved kysten står på programmet.

ØKLAND HAR ivra etter at ein brukar lokale, gode krefter og gjerne yngre og talentfulle folk til arrangementa. La ungdommen få sleppe til, seier han om arrangementet der elevar ved Kulturskulen i Lindås viser sine eigne, moderne landskapsmåleri, og har musikalske innslag.

PÅ RADØY trekk han fram Måleriutstillinga i Nordre Bogeågen der kunstnar Elna Bauge bruker 5-6 naustveggar som galleri. Ytterveggane på naustet blir atelieret. Ho har motiv frå kystkultur, øyer, garn, fisk. Ho malar både med akryl- og oljemåling og trivst best med å male naturalistisk og skildra røynda slik ho ser den. Elna er glad i å male himmel og hav og utfordrar seg sjølv på å male meir abstrakte motiv med ei figurativ tilnærming, seier Økland.

TEKST:

VIBEKE BLICH

redaksjonen@nordhordland.no